



Referat frå FAU 14.09.2015

Stad: Personalrommet på storskulen, kl 18-19.30
Til stades: 11/20 representantar.

Reidun var møteleiar og ynskje velkomen til årets fyrste FAU møte.

Ho informerte om gangen i møtet og sa at det var fullt mogleg for FAU, dersom FAU ynskjer det, å ikkje ha rektor til stades på møtet. Dette er også meint frå fylkesmannen si side, men det er opp til kvart enkelt utval å bestemme. Rektor treng heller ikkje vere den som innkallar til møtet. Dette kan når som helst takast opp til vurdering/ endrast i løpet av perioden.

Sak 1. VAL

Reidun trekte seg tilbake då me skulle diskutere rektor si rolle i FAU og konstituere FAU, samt val av vara til SU og SMU (Leiar og nestleiar av FAU er faste medlem i desse gruppene). Ein blir valt inn for eitt år av gonga i desse utvala.

Ingen stilte til val, men desse vart klappa inn i FAU, SU og SMU 😊😊😊

Leiar: Anne M. Espelid

Nestleiar: Hildegunn Rønningen

Vara: Marie Kornmo Enger

FAU ynskjer at rektor kallar inn til FAU og er til stades på møta.

(Sekretær: Hilde Nordal Holskar sa seg villig til å vere referent for FAU i denna perioden).

Sak 2. Plan om § 9 A

Reidun ville høyre om nokon hadde spørsmål eller kommentarar til planen. Ingen hadde kommentarar. Reidun kunne informere om at det ikkje er endringar i den utdelte planen frå tidlegare, men fylkesmannen har bestemt at denne skal takast opp til vurdering kvart år. Planen tek for seg elevane si rett til eit godt psykososialt miljø.

Mest sannsynleg vil det bli endringar som følge av Djupedalsutvalget – eit utval som har sett på planen og dei har kome til ein konklusjon som kan føre til endringar.

Skulen synes planen er god og håpar at me som foreldre merker at skulen bruker dette, at dei har ein plan å gå etter. Skulane i Nissedal kommune blir brukt som eit døme på at denne planen fungerer.

«Er me flinke» lurer rektor på? Ja, seier FAU 😊!

Sak 3. Plan for brukarmedverknad

Beskriver alle råd og utval i skulestrukturen.

Det er utnemnt eit felles kommunalt FAU. Gjelder for alle dei tre skulane i kommunen, det vil sei at det er representantar frå desse tre 😊

Ingen fleire spørsmål. Ok.

Sak 4. Brukarundersøking

Er obligatorisk for 7. og 10. klasse kvart år.

Kvart fjerde år er brukarundersøkinga for alle trinn: I 1. - 4. klasse er det bare foreldre som svarer på undersøkinga, i 5. – 10. klasse er det for alle elevar og foreldre. Det er direktoratet for utdanning som har bestemt kven som skal delta i undersøkinga. Det er for mykje arbeid å ha denne kvart år, derfor er det bestemt at det er 7. og 10. klasse den gjelder for.

Gledeleg resultat i fjor haust, godt for skulen å sjå. Mykje som me kan vere stolte av og glad for med skulen. Fortsatt ting det skal jobbast med, men som Reidun seier så er me på «ei reise» i detta arbeidet.

Sak 5. Møteplan

Minimum 4 møter, ref. fylkesmannen.
Reidun kom med forslag til møtedatoar:
Måndag 9.nov.,
Måndag 8.feb.
Måndag 18.april
Tidsrom: Kl 18-20
Stad: Personalrommet på storskulen
Ingen innvendingar til dette. Ok.

Sak 6. Utdeling av brosjyre frå fug.no

«Foreldreutvalget for grunnopplæringa»
Litt forskjellig informasjon om kva ein kan gjere ut av ei rolla som FAU medlem.

Sak 7. Årshjulet

Reidun delte ut Årshjulet. Årshjulet viser kva som skal vere sakslista på dei fire FAU-møta.
Etter tilsyn frå fylkesmannen er det visse ting som må vere med i eit FAU møte, dette følgjer årshjulet.
Spørsmål frå ein av representantane om storforeldremøte i veke 36: Lagt til denne veka sidan det er mykje som skjer i skulen denne veka, elevarbeid, utstilling oa. Evaluering av dette møtet skjer i neste FAU 8. november som fylgje av mange saker i dette møtet.
Reidun måtte beklage at det ikkje var blitt sendt ut melding om FAU på kvart enkelt steg i forkant. PÅ den måten har ein høve til å komme med saker.

Sak 8. Trafikksikringsplan – handlingsplan for trafikksikring i Nissedal kommune

Den første kommunen i landet som er blitt godkjent som en trafikksikker kommune 😊
Brukt ein trafikksikringsplan frå Kyrkjebygda oppvekstsenter.
Måla/tiltak for ungdomskulen, 8. - 10. klasse, er ikkje blitt med, men må vere med og kjem når det er klart.
Reidun fortel at så og sei samtlege bilar på parkeringsplassen til skulen står «ryggeparkert». Veldig bra med tanke på akuttsituasjonar. Eit synleg tiltak. Elles skal elevar nytte refleksvest og sykkelhjelm når dei er på tur med skulen, her må dei eldre elevane bli flinkare. Det må vere kult å bruke hjelm!
Det kom ei lovendring i haust - no er det foreldre og føresette som kan bestemme på vegne av eigne born om dei kan nytte sykkel til skulen. Skulen kan ikkje bestemme det. Folkehelsa blir fremma i denne saka, i bevegelse til skulen mot å sitte i ein bil!
Rektor veit ikkje korleis dette fungerer nede på småskulen, om det er mange som brukar sykkel til skulen.

Sak 9. Eventuelt

1.Klatrestativet

Kva er tanken rundt det? Reidun fortel om tre stygge fall den fyrste veka dette skuleåret. Stativet blei satt opp av FAU i si tid, veldig positivt for elevane, men det har skjedd ulykker. Ein alvorleg med hjernrystelse, to ikkje så alvorlege, gjekk fort over. Når slikt skjer, så får skulen lyst til å rive det ned, men dette er eit nytt stativ som er satt opp etter alle forskrifter. Dersom ein ynskjer ein skuleplass der ingen skal slå seg, ja då vil det bli ein kjedeleg plass å vere. «Nyheitensinteresse» – stas for dei nye i 5. klasse.
I samråd med einingsleiaren, så blir stativet ståande ved å samstundes informere elevane om bruken og kva dei må passe på, ha sikkerheitsreglar. Det er ikkje farleg å utfolde seg.
Det vart gjett uttrykk for at foreldre er glad for at klatrestativet ikkje blir tatt ned, kostbart stativ og frivillig arbeid rundt, men mulig det må noen modernisering til? Store rør, dårlig grep for små hender, kan det gjerast noko med? Sportstape for betre grep?

2. Lekser

Anne M. Espelid ville ta opp dette, da det verker som om praksisen er litt ulik på dei forskjellige trinna. I tillegg har ho snakka med fleire foreldre som både er einige og ueinig i at det er lite lekser.

Bra på småskulen og mellomtrinnet. Dabbar av på storskulen.

Anne M. Espelid refererer til egne erfaringar med sine born. Den jamne flyten av lekser og trening på å sette seg ned å måtte jobbe forsvinner i storskulen. Elevane treng gode arbeidsvaner. Elevane som bur i Nissedal kommune flyttar for seg sjølv i 15-16 årsalderen, dei treng å bli rusta for vidaregåande der krava er annleis. Eleven oppfattar at lekser ikkje er viktig, for det er ikkje lekser. Det same gjer foreldre, sjølv om me foreldre ikkje trur at det er slik. Me gjer kvarandre en bjørneteneste. Me må ikkje vere redde for å gje lekser. Mykje lettare å følgje opp for heimen. Og dei har tid til det! Dei fleste brukar ikkje tid på fotball, fritidsklubben eller kulturskulen!

Og er det få lekser, så skal det vere viktig å gjere desse leksene bra. Holdningsendring?

Dette var meint som eit innspel med oppfordring til rektor og skulen.

Korleis er kommunikasjonen til elevane frå lærarar? Korleis er trykket på lekser? Me trur jau at skulen meiner at lekser er viktig. Me treng trykk frå skolen slik at eleven er forberedt på det som møter dei.

Rektor viser til forskning og at det er forskning skulen støtter seg til:

Hatti/ Nordal: Lekser har liten effekt. Negativ effekt på læring, men skal det vere lekser så er det ein tommelfingerregel : 1. – 4. klasse max. 15 min., 5. – 7. klasse max. 30 min. og max 45 min på ungdomskulen. Rektor seier at det har fungert her, med tanke på å ta hensyn til sosiale forskjellar, dei blir ikkje så tydelege med få lekser. Men kva med tilpassa opplæring?

Utydelig lekseplan – vanskelig å følgje opp. Foreldre møter motstand frå elevar.

Er det hull? Er det noko elevane ikkje har fått med seg som burde vore fanga opp? Vanskeleg å avdekke gjennom elevsamtalane som er ein gong i halvåret. Viktig med fokuset gjennom lekser og prøver.

Reidun vil følgje opp det som kom av innspel. Det skal ikkje vere tilfellet, at det blir mindre lekser jo eldre ein blir!

Bjørn Dagfinn Tveit ville gjerne kome med noko positivt – at det er få frå Nissedal kommune som droppar ut av den vidaregåande skulen!! 😊 😊

3. Mobiltelefon i skuletida – erfaring

Det har betra seg etter dei nye reglane. Rektor har ikkje høyrte om noko spesielt.

God start dette skuleåret 😊

Lærarane jobba med problemstillinga dei fyrste planleggingsdagane: Før sommaren så var det forskjell på kven som slo ned på mobilreglane av lærarane. Så dette ser ut til å fungere betre nå.

4. Nye lokalar/ rom

Skulekjøkken, kunst og handverk, nye flotte rom. Blir så bra, seier Reidun.

Skulle vore ferdig 1.sept, no er datoen satt til onsdag 16.sept, så nært føreståande! Reidun hadde ei omvising på slutten av møtet. Flott 😊

Ingen fleire saker. Møtet vart heva.

Ref. Hilde Nordal Holskar